

Får starta skule

Frå og med hausten 2010 kan Kvam ha eit tilbod om vidaregåande opplæring i medie- og kommunikasjonsfag. Planane til Kvam kristne skule har fått statleg velsigning.

|side 3

– Må flyttast

Bårehuset i Øystese må flyttast frå kyrkjegarden, meiner fylkeskonservatoren. Synet er i strid med dei førebelse skissene frå arkitektane, som vil senka dagens bårehus.

|side 4



Alternativ politikk

Alternativ utanrikspolitikk og internasjonal økonomi stod på dagsordenen då psykolog Marie-Christine Merametdjian (biletet) og og tretti andre gjesta symposiet i Jondal i helga.

|side 12

– Eit eineståande anlegg

Friidrettsanlegget i Strandebarm idrettspark er meir enn godt nok til å skipa til store meisterskapar. Provet fekk ein då noregsmeisterskapen i banestafettar vart ein suksess i helga. Tilskipinga var knirkefri. Legg ein til at vêret var godt, at godt over tusen møtte fram kvar dag, og at lokale heltar tok medaljar, er ordet suksess nærliggjande.

– Eit eineståande anlegg, meiner tidlegare OL-deltakar og mellomdistanseløpar Arne Hamarsland.

|side 6–7

Sel seg: Strandebarm idrettslag skal laga ein dvd for å marknadsføre idrettsparken. Også bilete tekne frå helikopter – som dette – er med i filmen.

Flyfoto: Bjørn Kjetil Hansen



Satsar på fossen



Samde: Frå venstre: An Rienslag, Sonja Lidal, Liv Lyngstad og Jan Tjosås er samde om at Steinsdalsfossen bør verta turistinformasjonsbase.

Foto: Sigbjørn Linga

Steinsdalsfossen vert frå og med i år base for turistinformasjon i Kvam. Dei fleste involverte støttar endringa.

|side 4–5

Urfolk i Saltkjelen

Det er ikkje berre i Hardangerfjorden lakselus er eit problem. Torsdag var ein delegasjon frå Chile, USA og Canada på vitjing i Saltkjelen for å sjå nærare på lakseoppdrett i røyr. Gjestene vart glade av å sjå det lukka anlegget for oppdrett som Lingalaks AS testar.



Håp: – Synet av testanlegget gjorde meg varm i hjarta. Det tende håp om ei betre framtid for villaksen i Canada, seier hovding Robert Joseph frå Musgamagw Tsawataineuk Tribal Council i British Colombia.

Foto: Lars Arvid Oma

|side 9

Har tru på lukka oppdrett

Indianarhovdingen Robert Joseph frå Canada stråla som ei sol då han såg det lukka oppdrettsanlegget frå Preline fishfarming systems AS som Lingalaks AS prøver ut i Saltkjelen i Tørvikbygd.

LARS ARVID OMA

– Det beste med opphaldet i Noreg er å sjå at det finst folk som utviklar ny oppdrettsteknologi. Testanlegget i Hardanger gjev meg og folket mitt håp for framtida. Som urfolk i Canada har me alltid hatt eit nært forhold til laksen og naturressursane. I dag døyr naturen i British Colombia framføre auga våre. Det er ufatteleg trist. Me har framleis villaks att, og han kan bergast dersom oppdrettsnæringa tek i bruk lukka oppdrettssystem. Når eg ser dette anlegget, vert eg varm i hjartet, seier indianarhovdingen.

Bak det store smilet ligg djup frustrasjon over at dei rike laksevassdraga i Canada er i ferd med å verta tømde for villaks, noko forskarar hevdar i stor grad skuldast aktiviteten til norskeigde oppdrettsanlegg i British Colombia. Dei store grizzlybjørnane som vanlegvis står i fossane og jaktar på stor laks, finn ikkje mat lenger, og dei som lever av laksefisket, strevar.

Dialog

Joseph har saman med ein delegasjon frå Canada, Chile, USA, Irland og Skottland vore på reise i Noreg for å orientera seg og koma i kontakt med norske havbruksverksemdar som opererer i utlandet, politikarar, byråkratar, forskarar og villfiskinteresser.

Gjestene har også sett nærare på lakselusproblemet i Hardangerfjorden. Naturvernforbundet er vertskap.

– Dialog er avgjerande for å gjera noko med problema. Det er viktig å få nye kontaktar, seier Joseph.

For fjorten dagar sidan var han hjå paven i Vatikanet. Urfolket i Canada ynskjer ei formell orsaking frå den katolske kyrkja for handlingane mot urfolk under assimilasjonspolitikken. Til dømes vart 150.000 born sende på skular for å "læra av seg" indiansk kultur.

– Me fekk forståing, men inga orsaking, fortel indianarhovdingen.

Kritisk

Ein av deltakarane på turen er oppdrettskritikar, biolog og direktør i



Over: **Kritiske:** Hovding Bob Chamberlin frå Musgamagw Tsawataineuk Tribal Council i British Colombia, chilenske Alex Munoz Wilson i Oceana, biolog og direktør i Salmon coast field station i British Colombia, Alexandra Morton, og hovding Robert Joseph frå Musgamagw Tsawataineuk Tribal Council i British Colombia er kritiske til korleis norsk oppdrettsindustri opererer i utlandet.

Til høgre: **Synfaring:** Testanlegget til Lingalaks AS vekte stor interesse hjå gjestene frå Chile og Canada.

Salmon coast field station i British Colombia, Alexandra Morton. Ho er svært kritisk til måten norske havbruksinteresser går fram i Canada på. Ho skuldar selskapa for å øydeleggja miljøet og utrydda villaksen som følgje av rømming, lakselus og andre sjukdomar frå oppdrettsanlegga.

I Chile har situasjonen utvikla seg svært dramatisk dei siste åra. No fryktar Morton at oppdrettsnæringa også skal øydeleggja vestkysten av Canada.

– *Korleis opplever du situasjonen i Hardangerfjorden?*

– Det er tragisk å sjå at så mange fine vassdrag i eit så vakkert landskap er tomme for villfisk. Naturressursane burde vera ein del av framtida, seier Morton.

– *Korleis er tilstanden i vassdraga i British Colombia?*

– Me har meir fisk enn her, men villaksen er i ferd med å forsvinna. Etter kvart som oppdrettsanlegga dukkar, opp vert villfisk borte. Dette fører også til at dei tradisjonsrike samfunna som er bygde opp rundt naturressursane, forsvinn, seier ho.

I førre veke melde Naturvernforbundet og Forum den norske, delvis statseigde oppdrettsverksemda Cermag for brot på ei rekkje paragrafar i OECD (Organisation



for economic co-operation and development) sine retningslinjer for fleirnasjonale verksemdar når det gjeld berekraft, arbeidstilhøve og menneskerettar. Tilhøva som vert melde, gjeld særleg fiskeoppdrettet i dotterverksemda Mainstream. Ifølgje miljøorganisasjonane er bakgrunnen for skuldingane langvarig mangel på vilje frå Cermag til å ta tak i kritikkverdige tilhøve, fortel nettstaden siste.no.

Ulike standardar

Også chilenske Alex Munoz Wilson i Oceana er skremd av utviklinga.

– Me legg merke til at dei same verksemdene arbeider etter to standardar, ein i Noreg og ein i Chile. Det vert mellom anna bruka meir kjemikalier i lakseføret i Chile. Dei store taparane er dei lokale fiskarane som får "sprengd" fisk med kjemikaliehaldig pellets. I tillegg minkar bestandane av villfisk, fortel Munoz Wilson.

Han fryktar også resultatet av den store antibiotikabruken og utviklinga av resistent lakselus gjennom omfattande bruk av kjemikalier.

– *Korleis var møtet med leiarna i dei store havbrukselskapa?*

– Det var svært ukomfortabelt. Dei ville helst ikkje sjå oss. Men

dei norske politikarane har vore meir interesserte, fortel Morton.

– *Trur du oppdrettsnæringa sjølv kjem til å ta tak i problema?*

– Diverre trur eg ikkje me kan venta ei betring innanfrå i oppdrettsnæringa i Canada. Det er berre to vegar ut av problema – anten at styresmaktene tvingar fram store endringar, eller at motstanden frå folk flest vert så omfattande at oppdrettsnæringa må ta omsyn til han. For British Colombia er truleg det siste alternativet det mest realistiske. Når folk flest ikkje lenger godtek utviklinga, kan endringar skje, seier ho.

– *Er det håp for villaksen i Canada?*

– Eg ynskjer fyrst og fremst norske oppdrettsinteresser ut av British Colombia. Det har teke meg 20 år å koma fram til denne konklusjonen. No er det ingen veg utanom. Eg er ikkje mot forsvarleg oppdrett, men no handlar det om å berga villaksen, som er så viktig for samfunna langs Canadas vestkyst. Dei som skal driva oppdrett i British Colombia, må i framtida produsera i lukka anlegg baserte på berekraft, seier Morton.

Råkar økoturismen

Også turistnæringa i Canada vert råka av den negative utviklinga.

– Når laksen vert borte, forsvinn også dei store grizzlybjørnane frå vassdraga. Dei svelte og vert nærgående på jakt etter mat i byar og tettstader. Ørnene er også borte. Dette gjer økoturismen mindre attraktiv. Folk ynskjer å sjå bjørnen fanga laks i elva. No kan me ikkje lenger lova kundane våre slike opplevingar, seier Shannon Ellis i Bella Coola grizzly tours inc.

Ho driv reiselivsverksemd saman med faren i Bella Coola i British Colombia.

– *Kan det vera andre grunnar til den negative utviklinga?*

– Det er truleg ein kombinasjon av fleire faktorar, til dømes klimændringar og overfiske, men det er god vitskapleg dokumentasjon på at problema i hovudsak kjem frå oppdrettsnæringa, seier ho.

– *Korleis opplever du situasjonen i Hardangerfjorden?*

– Eg er i sjokk. Det er rett og slett tragisk når ein veit kor viktige naturressursane er for mange lokalsamfunn, seier ho.

– Norsk dobbeltmoral

Den andre indianarhovdingen i delegasjonen, Bob Chamberlin frå Musgamagw Tsawataineuk Tribal Council i British Colombia, er sjokkert over dobbeltmoralen i den norske staten.

– Noreg har stemt ja til FN-konvensjonen om rettane for urfolk. Samstundes driv den norske staten oppdrettsverksemd i matfattet til kanadiske urfolk. Aktiviteten er med på å øydeleggja livsgrunnlaget vårt. Noreg talar med to tunger, seier han.

Også Chamberlin vart opplyfta av å sjå det nye lukka anlegget som er under utprøving hjå Lingalaks AS.

– Dette er ikkje science fiction. Prinsippet er ein realitet. Framtida for næringa ligg i lukka oppdrettsanlegg. Det er mogeleg å få bukt med problema ved å ta i bruk ny teknikk, seier Don Stanford i Pure salmon campaign.

Prosjektleiaren i Preline fishfarming systems AS, Rune Måbø, var også til stades under synfaringa på anlegget. Han vart filma og intervjuet av den kanadiske dokumentarfilmskaparen Damien Gills.

– Dette er inspirerende, men det står i sterk kontrast til den manglande interessa for ny oppdrettsteknikk frå norske styresmakter, seier Måbø.

oma@hf.no